LÆRLINGORDNING SETESDAL 2017–2019

Det aukande etterspurnad etter lærlingar og ditto behov for fleire lærlingplassar. Partane i arbeidslivet og styresmaktene har lagt til rette for styrkt lærlingsatsing. Dette er og understøtta av Aust-Agder fylkeskommune med eige lærling-løft.
I Setesdal er det no vel 30 verksemder og 50 lærlingar.
I kartlegginga av kompetansebehov og utfordringar i høve rekruttering her kom det fram at det er rom for ytterlegare incentiv for å auke talet lærlingar. Styret i Regionrådet har difor sett av kr. 250.000,- til lærlingordning i 2017 og vil ha tilsvarande ramme i 2018. Nokre av kommunane i Setesdal har i tillegg eigne ordningar. Ordninga er for privat næringsverksemder.

Treff di verksemd i høve eitt eller fleire av desse kriteria?

- Rekrutteringsbehov
- Gjeld fagområde der det tek tid før lærlingen blir «inntektsbringande» for verksemda – t.d. mindre handverksfag
- Mindre verksemd med avgrensa kapasitet/økonomi til å drive opplæring.
- Ei type verksemd der det er særleg utfordrande å halde på læringar etter opplæringstida.
- Verksemda er ev. open for å samarbeide med fleire fordi det er vanskeleg å dekke heile læreplanen for ein lærling åleine - og ev må ha samarbeid og opplæringsavtaler med andre verksemder for å dekke kompetansemåla.

Bilder: Setesdal - Noreg tett på / Anders Martinsen Fotografer // Setesdal regionråd: Marit Simonstad Kvaale // Hasla

For å bli godkjent som lærebedrift og kome innunder dei vanlege finansierings-ordningane for å ta imot lærlingar tek ein kontakt med Opplæringskontoret i fylket som samordnar inntak/formidling og opptak av lærlingar, utvikling av læreplan, og bistår i høve lærling-kontrakt mellom lærling og verksemd, fagprøve mv.

I tillegg kan du no søk om støtte frå lærling-ordninga i regi av Setesdal regionråd 2017-2018. Ein legg til grunn at ein prioriterer søknadar frå dei minste verksemdene/ små handverksfag, verksemder med fag der det er vanskeleg å rekruttere lærlingar, eller verksemder med andre særlege grunnar, samd søknader frå verksemder som vil samarbeide og i fellesskap ta opplæringsansvar.

Søknad sender du til: post@setesdal.no
Søknadsfrist: 15. mai 2017

Næringsforumet prioriterer kven som får støtte innan 15.juni 2017.

Mrk: Ved søknadsinnsending følgjer og ein aksept om at søkjar godkjenner ev naudsynt dialog i høve opplæringskontoret om saka.

© tress design

Setesdal regionråd

Setesdal Regionråd, kommunehuset, 4747 Valle
Tlf 37 93 75 00 post@setesdal.no www.setesdal.no